



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/8956-1

Høyring planprogram regional plan for kultur - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne formulerer uttale til
planprogram regional plan for kultur i møte 28. november 2017**

Vedlegg:

Planprogram regional plan for kultur

SAKSFRAMSTILLING

Planprogrammet legg til grunn at regional plan for kultur skal ha kultur for alle som overordna mål. Planen skal handle om korleis kulturfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn og legg vekt på betydinga av å nytte ut og vidareutvikle kulturelle kraftsenter i fylket.

To hovudtema er peika ut: Under det første, kulturelle ressursar og verdiskaping, vil planen dreie seg om kulturell infrastruktur, kulturarv og produksjon og formidling av kunst og kultur. Ei viktig problemstilling her er òg korleis vi i større grad kan få ringverknader av fyrtårna på kulturfeltet og gjennom dei stimulere til ny aktivitet.

Hovudtemaet deltaking og oppleveling handlar om korleis vi kan målrette arbeidet for å nå prioriterte målgrupper. Å legge til rette for tidleg engasjement er grunnleggande for å gi alle barn og unge reelle moglegheiter til å delta i kulturaktivitetar. Planen vil vidare ha som tilnærming at ulikskap er ein ressurs som bidreg til mangfald og fellesskap.

I planprosessen skal aktørar frå frivillig, offentleg og privat sektor involverast gjennom styringsgruppa og arbeidsgrupper, dialogmøte, konferansar og formelle høyringar. Det vil bli lagt vekt på å få innspel også frå politikarane i kommunane og å sikre tilknyting til aktuelle FoU - miljø.

Planperioden blir foreslått å vere frå 2019 til 2027, og det vil bli utarbeidd fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar.

Høyringsfristen for å sende inn høyringsinnspel til planprogrammet er 1. desember 2017